



Georg Hestad var talar på Indremisjonen sin julefest i går.

I åra etter krigen og på 1950 talet var det heile sju julefestar i Uskedalen. Alle var i jule og romjulsveka. I dag vert det skipa til tre julefestar,- skulen med sin avslutning før juleferien, julefesten i Vonheim og til slutt julefesten på Bedehuset. Den siste gjekk av stabelen i går. Indremisjonen sin julefest er ein generasjonsfest der målgruppa både er born og vaksne.

Uskedal indremisjon har lang tid halde på tradisjonen med julefest. I mange år var festen 1. nyttårsdag. Så vart festen flytta til romjula. Talar i år var Georg Hestad. Det var leikar, song og aktivitetar for born. Fast innslag er sjølvstekt gang kring juletreet. Matøkta er viktig.

Då Uskedalen.no var innoom Bedehuset ein time før festen tok til, var matkomitten i godt arbeid på kjøkken. All ros og æra til dei som tek eit tak og steller til julefestane i Uskedalen. Sju julefestar på 1950 talet var truleg i meste laget. Tre julefestar er eit høveleg og overkomeleg tal.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Tormod Myklebust



Det var eit stort og staseleg juletre på bedehusfesten. Bilete syner gang kring juletreet.